



Lindås Rør & Sanitær AS
Leif Nævdal
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1166 - 18/10461

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
15.05.2018

Godkjenning utslepp og tilkopling til kommunalt vatn GBNR 52/41 fritidsbustad Kårbø

Administrativt vedtak. Saknr: 104/2018

Tiltakshavar: Knut Ronald Ekseth
Ansvarleg søkjar: Lindås rør & sanitær AS
Søknadstype: Søknad om utslepp etter Forurensingslova § 7 og søknad etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført motteke 27.04 .2018, søkt om utslepp frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/41 på Kårbøneset.
Anlegget det er søkt om er eit Jetz anlegg med slamfilter/infiltrasjonstank for gråvatn og komposteringstank for svartvatn. Det skal etablerast 2 separate infiltrasjonsgrøfter. Anlegget krev ikkje tømning med slamsugebil.
Vidare er det søkt om tilkopling til kommunalt vassverk via felles privat vassleidning som er lagt fram til Kårbøneset hyttegend.

Nabovarsel:

Utsleppet vart ikkje nabovarsla i samsvar med pbl §23- 1. Administrasjonen vurderer det slik at det er ikkje naudsynt med varsling i saka då tiltaket ligg på eigen eigedommen og råkar ikkje naboar.

Plangrunnlag:

Eigedomen ligg i eit område som i kommuneplanen for Meland er avsett til hytteområde. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Ansvarsrett:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av motteken erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 27.04 .2018.

Vurdering:

Anlegget det her er søkt om, kan etter administrasjonens i vurdering, nyttast i områder der slamtømming ikkje er mogeleg og det ikkje er fare for at infiltrasjonsvatn fører til vanskar for naboar, vasskjelder eller opne vassdrag.

Svartvatnet må ha komposteringstank før infiltrasjonsgrøfta. Gråvatnet må ha filterløysing eller gråvasstank før infiltrasjonsgrøfta.

Det må etablerast to separate infiltrasjonsgrøfter, kvar på 5 meters lengde. Det er viktig at grøftene har nok avstand, slik at gråvatn ikkje transporterer svartvatn frå toalettet.

Urinseparerande toalett vert ikkje tillete.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i forurensingslova.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring.

Utsleppet det her er søkt om er etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5.

Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket via privat vassleidning. Denne leidningen vart godkjent etablert 07.11.16 i sak DNT 368/2016. Det skal nyttast utstikk frå leidningen og inn til fritidsbustad. Kommunen ber om at leidningen vert gravd ned/dekka til der dette er mogeleg, slik at den vert minst mogeleg synleg i terrenget.

Det ligg føre naudsynt dokumentasjon som gjev eigedomen gbnr 52/41 rett til å kopa seg til den private felles vassleidningen.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5 utslepp frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/41 på Kårbøneset i samsvar med søknad journalført motteke 27.04.2018 og på følgjande vilkår:

- Gråvassutsleppet må ha filterløysing eller gråvasstank før infiltrasjonsgrøfta.
- Svartvatn må ha komposteringstank før infiltrasjonsgrøfta.
- Det må etablerast to separate infiltrasjonsgrøfter, kvar på 5 meters lengde. Det er viktig at grøftene har nok avstand, slik at gråvatnet ikkje transporterer svartvatn frå toalettet.

Eigar av anlegget er ansvarleg at for eventuell forureining, jf § 7 i forureiningslova.

Meland kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 løyve til etablering av utslepp for eigedomen gbnr 52/41, i samsvar med søknad journalført motteke 27.04.2018.

Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan, journalført 27.04.2018, jf plan- og bygningslova § 29-4.

-----0000-----

Meland kommune godkjenner vidare at fritidsbustad på gbnr 52/41 vert tilknytta kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført motteke 27.04.2018 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningslinjer og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering.
- Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.

- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2018 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- pluss mva, per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: [18/1166].

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- *Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.*

Faktura på tilknytingsgebyr og gebyr for sakshandsaming vert ettersendt til tiltakshavar.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablera utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Knut Ronald Ekseth

Grimseidvegen
368

5239

RÅDAL

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1

5914

ISDALSTØ